

Henjahaugane - gardsgravfeltet på Henjum



Garden Henjum har vore mellom dei største gardane på Vestlandet. Skriftlege kjelder fortel at Henjum var ein storgard i mellomalderen og seinare. Eiga kyrkja i mellomalderen vitnar om kor mektig garden var. Klyngunstrukturen på garden er enno intakt. Henjum og nabogarden Røysum var mektige også i jernalderen. Gravfeltet Henjahaugane med minst 10 gravhaugar ligg ovanfor klyngunetunet. Fire av desse ligg svært synleg framme på kanten. Dei har eit sokk i toppen, noko som viser at dei har vore plyndra. Arkeologar har ikkje undersøkt Henjahaugane. Truleg har gravfeltet vore større, og kan ha strekt seg både nord- og austover. Lenger aust ligg ei stor grav som kan ha vore del av det same gravfeltet. Nord for Henjahaugane er det også funne restar av ei grav. I denne vart det funne eit hestebissel, sverd og skiferbryne. Alle dei kjende gravene frå Henjum er truleg frå jernalderen. Teigane til gardane Henjum og Røysum ligg om einannan. Dette tyder på at dei ein gong var ein gard som seinare vart delt. Også på Røysum er det mange kjende gravminne frå jernalderen. Ein del av desse er arkeologisk undersøkte. Undersøkingane viste at gravene var rikt utstyrt, og fleire av dei er rike kvinnegraver frå folkevandringstida (400-550 e.Kr.). Dette kan forklaraast med at Henjum og Røysum har fått rikdomen sin frå omfattande stølsdrift i eldre jernalder. Dette var ein aktivitet som for ei stor grad var styrt av kvinner. Oppi i fjellet, knytt til gardane Henjum og Røysum, ligg eit av dei største tufteanlegga frå jernalder i Norge.



The Henjum farm may have been among the largest farms in Western Norway. According to written sources, Henjum was a major farm in medieval times and onwards, its significance illustrated by the existence of a separate church in the medieval period. The structure of the cluster hamlet at Henjum is still fairly intact. Along with the neighbouring farm Røysum, Henjum is also believed to have been a highly significant farm during the Iron Age. The Henjahaugane burial site, which includes at least 10 grave mounds, is located above the cluster hamlet. Four of the grave mounds can clearly be discerned near the edge. Depressions at the top of these mounds bear witness to grave robbery. The Henjahaugane grave mounds have not been excavated by archaeologists. Most likely, the burial site has covered a larger area in the past, stretching both to the north and east. To the east, there is a large grave which may have been part of the same burial site. To the north, remnants of a grave have also been uncovered, including items such as a bridle, a sword, and a whetting stone. All the known graves at Henjum are believed to date from the Iron Age. The fields belonging to the Henjum and Røysum farms are scattered about, which points to the possible partition of a single, major farm in the past. Burial items dating from the Iron Age have also been discovered at Røysum, and some have been examined by archaeologists, who found the graves to contain a wealth of items. Several of the graves are women's graves dating from the Migration Period (400-550 AD). This is explained by Henjum and Røysum's extensive use of dairy farms in nearby mountains during the Older Iron Age. Mountain dairy activities were mainly managed by women. In the mountain areas associated with the Henjum and Røysum farms, a cluster of ancient farm building foundations is found. This is one of Norway's most extensive Iron Age ruin sites.



Systrand sogelag



Leikanger kommune



Sogn og Fjordane fylkeskommune



Riksantikvaren



Leikanger